

Stord kommune sin høyringsuttale til revidert forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg

Stord kommune er positiv til revisjonen av damsikkerhetsforskriften, særleg ei utvikling mot ei tydelegare ansvars plassering, meir risikobaserte og funksjonsbaserte krav, og tilpassing til dagens trusselsituasjon. Samtidig ser me at forskrifta kan bli betre på å møte utfordringar kommunen opplever. Stord kommune har følgjande innspel til revisjonen:

1. Sterkare kopling til lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) ved spørsmål om nedlegging

Damsikkerhetsforskriften regulerer sikkerheit for eksisterande anlegg, også når dei ikkje er i drift, og fram til anlegget er formelt nedlagt. Samstundes er sjølve nedlegginga regulert i vannressursloven, der hovudregelen er at anlegg som ikkje lenger skal driftast skal fjernast og området tilbakeførast til naturtilstand.

Dette fører til ei fragmentert regulering, der vurdering av vidareføring (forskrifta) og vurdering av avvikling (lova) ikkje er tydeleg nok knytt saman. Kommunen meiner revisjonen bør synleggjera denne koplinga betre.

2. Tydelegare løysingar/føringar for anlegg som ikkje skal driftast vidare, men som har kulturhistorisk eller anna lokal verdi og difor er ønska bevart.

Dammar og vassdragsanlegg kan utgjere viktige kulturhistoriske spor i mange lokalsamfunn. Det er mindre avklart korleis ein skal handtere anlegg med låg risiko som ikkje lenger har funksjonell bruk, men som har kulturhistorisk og/eller anna lokal verdi. I dag er alternativa i praksis oftast vidareføring med fulle sikkerheitskrav eller full nedlegging (fjerning).

Kommunen meiner forskrifta bør ha tydelegare føringar for alternative løysingar som delvis nedlegging, permanent sikra restanlegg eller konvertering til kulturminne/landskapselement, kombinert med risikobasert vurdering. Det bør vurderast å stilla krav om tidleg involvering av sektormyndene for å sikra at kulturhistoriske og/eller andre lokale verdiar blir vurdert før vedtak om nedlegging/fjerning.

3. Tydelegare krav om samordning av beredskapen med kommunen.

Samling av beredskapskrav og styrka krav til risikovurdering er positivt og gir betre grunnlag for beredskap. Det bør i forskrifta presiserast at beredskapsplanar må utarbeidast i samarbeid med kommunen og samordnast med kommunale beredskapsplanar. Det same gjeld gjennomføring av beredskapsøvingar.